



Arkivnr: 2014/11302-28

Saksbehandlar: Guro Klyve

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		27.03.2014

## Fullmakt ved sal av eigedom på Voss - Rogne vidaregåande skule

### Samandrag

Fylkestinget fatta den 15.10.2013, sak 50/13, følgjande vedtak som gjaldt sal av skuleeigedomane Voss Husflidskule, Rogne vidaregåande skule og Voss vidaregåande skule, avdeling Bryn:  
«Fylkestinget godkjenner salet av eigedomane som er lista over.  
Fylkestinget godkjenner at fylkeskommunen leigar ca. 80 hyblar av ny eigar på Rogne.  
Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er høgare enn 90 % av prisønske.  
Dersom høgste bod er lågare enn 90 % av prisønske kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.»

Eigedomane vart lagt ut for sal i den opne marknaden i november 2013 gjennom eigedomsmeklarselskapet Fana Sparebank Eiendom AS. Prisønske for Rogne var kr. 40 mill., som er i samsvar med innhenta verditakst.

Alle eigedomane er selt med unntak av Rogne vidaregåande skule.

Det har ikkje kome inn bod på Rogne, og interessentane har gjeve tilbakemelding om at prisønsket er for høgt. Ut frå dei signala meklar har fått i dei månadene eigedommen har vore for sal, rår ein til at fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er kr. 30 mill. eller høgare. Dersom høgaste bod er lågare skal fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

### Forslag til vedtak

Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er kr. 30 mill. eller høgare.  
Dersom høgaste bod er lågare enn kr. 30 mill. skal fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Johnny Stiansen  
fylkesdirektør økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 13.03.2014

Fylkestinget fatta den 15.10.2013, sak 50/13, følgjande vedtak som gjaldt sal av skuleeigedomane Voss Husflidskule, Rogne vidaregåande skule og Voss vidaregåande skule, avdeling Bryn:

«Fylkestinget godkjenner salet av eigedomane som er lista over.  
Fylkestinget godkjenner at fylkeskommunen leigar ca. 80 hyblar av ny eigar på Rogne.  
Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er høgare enn 90 % av prisønske.  
Dersom høgste bod er lågare enn 90 % av prisønske kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.»

Eigedomsseksjonen har avtale med Fana Sparebank Eiendom AS om eigedomsmeklartenester ved gjennomføring av sala.

Etter at vedtaket var fatta i fylkestinget utarbeidde Fana Sparebank Eiendom AS salsprospekt for kvar av eigedomane og la dei ut for sal i den opne marknaden. Alle eigedomane er selt med unntak av Rogne vidaregåande skule.

Prisønske for Rogne er kr. 40 mill., som er i samsvar med innhenta verditakst.

Skulebygget består av 3 skilde bygningskroppar i 3-4 etasjar som er bundne saman av bygg i ein etasje. To av bygningskroppane vert nytta som skule og den tredje har tidlegare vore internat.

Den delen av skulebygget som vert nytta til skule vert fråflytta når Nye Voss gymnas er klar, og ved salet er det vilkår om tilbakeleige fram til dette skjer.

I internatblokka er det i dag tilsaman 54 hyblar fordelt over 2 etasjar. Kjøpar vil vere forplikta til å byggje om blokka slik at det totalt vert ca. 80 hyblar, og fylkeskommunen skal leige tilbake dei ca. 80 hyblane frå 01.08.2014 for minimum 10 år.

Meklar har vore i kontakt med fleire interessentar, men det har ikkje kome inn bod på eigedomen. Tilbakemeldingane frå interessentane har vore at prisønsket er for høgt, og mellom anna har det vore vist til at det er knytta usikkerheit både til kva som skal vere framtidig bruk av eigedomen etter at leigeavtalane med fylkeskommunen er ute samt kor store kostnadane med naudsynte tilpasningar vil verte. Spesielt gjeld dette den delen av skulebygget som i dag vert nytta til skule. Vidare har det vore vist til at det ikkje er teke nok omsyn til at ein kjøpar får store kostnader med å byggje om internatblokka.

Ut frå dei signala meklar har fått i dei månadene eigedomen har vore for sal, rår ein til at fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod som er kr. 30 mill. eller høgare. Dersom høgaste bod er lågare skal fylkesutvalet ta avgjerd om salet.